



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
21.11.2018
Dykkar dato
01.11.2018

Vår referanse
2018/13911 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til dispensasjon til naust på gnr. 217, bnr. 46, Romarheim, Lindås

Vi viser til brev fra kommunen datert 01.11.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av naust på eideomen g./bnr. 217/46 på Romarheim. Naustet sin storleik er opplyst til 28 m² BYA. Eideomen vart godkjend frådelt i 1980 og det vart same år gitt løyve til oppføring av naust på eideomen. Naustet vart aldri realisert.

Oppføring av naust slik det er søkt om, krev at det vert gitt dispensasjon både frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen (KPA) og plan og bygningslova § 1-8.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispense dersom omsynet bak det føremålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og regularingsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Forbodet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø veier tungt. jf. Ot. prp. 32 (2007-08) side 243.

Fylkesmannen si vurdering er at området har store strandsoneverdiar. Det omsøkte naustet skal liggje ute på eit nes som er ubygde. Det ligg eit naust om lag 40 meter vest for området og eit naust på andre sida av utløpet av Romarheimelva om lag 90 meter aust for området. Vi meiner eit naust her vil føre til nedbygging og privatisering av ubygde strandsone.

Vi kan ikkje sjå at dei private fordelane ved å ha eit naust veg opp for at dei offentlege interessene i strandsona må vike.

Vi legg til grunn at det berre er søkt om dispensasjon for naust og ikkje for gangveg som er teikna inn på teikning stempla av kommunen 23.11.1979 og 03.06.1980.

Vi stiller spørsmål ved om tiltaket også krev dispensasjon frå føresegn 5.5 i KPA som dreier seg om byggjegrense til vassdrag.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til naust på gnr. 217 bnr. 46.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.